

---

## Den andre – ei brevveksling

---

KOMMENTAR

ASLAK BRÅTVEIT

Judaberg kommunelegekontor  
4160 Finnøy

---

På Nidaroskongressen i oktober 1999 presenterte professor Asbjørn Aarnes filosofien til den litauisk-jødisk-franske Emmanuel Levinas (1905 – 95), ein filosof som Aarnes sjølv har presentert i bokform.

Aarnes gav i førelesinga eit resyme... som er like enkelt som det er banebrytande. Levinas set *Den andre* opp på subjektlassen. I essayet *Den annens ansikt* skriv Aarnes: «Den annens ansikt viser meg meningen, det vil si retningen som jeg skal orientere meg i: Ansiktet påtvinger seg uten at jeg kan forholde meg døv til dets påkallelse eller glemme det, det vil si uten at jeg kan opphøre å være ansvarlig for dets ynkelighet. Bevisstheten mister førsteplassen . . . Å være jeg betyr fra nå av ikke å kunne unndra seg ansvaret, som om hele skaperverket hvilte på mine skuldre . . . Det enestående ved meg er det faktum at ingen kan stilles til ansvar i mitt sted» (1).

Kven er så *den andre*, den som eg har så kompromisslaust ansvar for? For å svare på det brukte Aarnes det same spørsmålet som Lukas i parabelen om den miskunnsame samaritanen (2) der «den lovkunnige» spør: Kven er då min neste? Meisteren svarar med å fortelje om ein reisande som fall i hender på røvarar, etter basketaket vart han liggjande att halvdød. Eit par respektable menneske går framom, dei ser mannen utan å intervenere. Så kjem det ein framand (samaritan). Han kjenner nauda til den forkomne som ein smerte i innvollane. Denne mannen kan ikkje anna enn lute seg over den halvdøde, stelle han og ta seg av han.

Her vert eg råka midt i min bedehusbakgrunn. Denne forteljinga har i fleire hundreår vore eit slag «Håvamål» i norsk (og kristen) humanisme. Vi skal vende oss mot den hjelpetrengjande, møte han, hjelpe han med alle midlar eg kunne ha. «Gå du av og gjer likeeins» er imperativet.



Kjære Asbjørn Aarnes

Sidan hovudspørsmålet ikkje er korleis ein skal oppføre seg overfor naboen, men «korleis skal eg vinne evig liv», ser eg at svaret «gå du av og gjer likeeins» må vise attende til «elske nesten sin som seg sjølv».

Då har alt den lovkunnige svara at nesten er han som syner sælebot, og ikkje den hjelpetrengjande!

Med andre ord: Den lovkunnige møter Kristus med eit medvit om å *kunne* elske nesten. Jesus plasserer denne lovkunnige som hjelpelaus i grøfta og seier: Denne miskunnsame som kjem til deg, det er den nesten som du skal elske som

deg sjølv!

I staden for å vere i overskotsposisjon (kva skal eg gjere for å arve evig liv, som om det var mogleg for meg) avslører Kristus at den lov-kunnige ikkje er i posisjon til å gjere noko for å arve det evige livet, han må møte den andre (ein samaritan; ein urein, ein uventa og uvelkomen).

Den miskunnsame kjem med alt som trengst: Han har medisiner (vina som desinfiserer), han bind om sår. Så lagar han klar ambulansen (eselet) og reiser til herberget (sjukehuset). Han betalar for opphaldet (trygd) og sanneleg gir han garantiar in blanko (fullforsikring).

Dette hospitalet er samlingsstaden for oss menneske. Vi er anten ennå åleine i grøfta med våre sår eller plasserte på lasarettet under tilsyn og pleie i lag.

Samaritanidealet står nå fram som eit forførande ideal for meg: Samaritanen opptrer med alle midlar og kan by den halvdøde på alt som trengst i nåtid og i all framtid. Det er hinsides det eg kan gjere.

Når eg vert flytta frå samaritanrolla (overskotsposisjon) til pasientrolla (den hjelpetrengjande) hamnar eg i ein posisjon overfor mine medmenneske som ikkje er prega av overskot, men av jevnbyrde, medinnleving. Eg vert ein «såra hjelpar», det medmenneske som deler kår med min medpasient, som kan fortelje om den som har pleia meg og som har sytt for alle ressurser for mi framtid.

Dei medmenneske eg møter (eventuelt som lege) er gjerne sår på lekam og sjel, samtalen kan opne eller lukke for det såre. Slike samtalar er sårbare og kan såre. Før såra vert synte fram må ein verte sedd og oppleve at ein vert sedd. Ein «såra hjelpar» virkar ikkje trugande, han minner om dei felles menneskelege kår.

Kjære Aslak Bråtveit

*Du åpner i vår sammenheng et helt nytt perspektiv på historien om samaritanen, tolkingen er både koherent og i pakt med lange tradisjoner i kristenheten.*

*Min eneste motforestilling mot din tolking er at det virker ukjent at Mesteren skulle lage en parabel om seg selv. Det er vel Faderen det siktes til i de andre parablene. Som om Vingårdsherren, om husbonden og de betrodde tjenere, om han som skal hugge ned de trær som ikke bærer frukt. Er det rimelig å anta at han forteller om seg selv, som den gode samaritan? En annen ting er selvfølgelig at det kan være en rimelig tolking av teksten. Strider det ikke også mot det jødiske fremmedkjærlighetsbudet som formuleres i Moseloven, at parabelen ikke skulle gjelde mellommenneskelig? Da Moses formet hvem som er vår neste, var det vel nettopp som ideal til etterfølgelse?*

*Slik jeg leser teksten sier den noe om hvorledes jeg skal lære hvem min neste er, uten at han blir utpekt. Og fremfor alt sier den hva som ikke sier hvem han er: Kunnskap, som avsluttet og under forberedelse (studium), representert av presten og levitten, duger ikke. Nesten kan ikke lokaliseres eller benevnes. Du kjenner ham på det at du rammes (i dine innvoller). Ditt ansvar for ham er absolutt, ingen kan erstatte deg i ansvaret (selv når du er fraværende), det gjelder i selve ulykken og i «rekonvalesensen», og ansvaret er uten*

*begrensning i tid. Det er altså ikke en i parabelen som representerer min neste, verken den forslåtte eller samaritanen. Det er forholdet – handlingen – mellom dem som gir svaret. Og svaret er at svaret ligger hinsides «dialogen», det ligger i handlingen (Levinas; «diakonien»). Slik ble parabelen et slags jødernes «Håvamål» som forteller hva jeg har å utrette i verden: At jeg skal være for min neste, uten å stille betingelser, uten oppstilling av kontrakt. Det er den etiske asymmetri som Levinas taler om.*

*Vennlig hilsen Asbjørn Aarnes*



Kjære Asbjørn Aarnes

Du etterlyser ein analyse av parabelen. Her er min freistnad: Jesus prisar Faderen fordi «Du har løynt dette for vise og forstandige, men openberra det for umyndige (spedborn)». Så prisar han læresveinane sæle fordi dei får sjå og høyre det som kongar og profetar ville, men ikkje fekk høyre.

Inn i denne krins kjem den lovkunnige med sitt spørsmål: Kva skal eg gjere, så eg kan få evig liv? Jesus minner han om barnelærdommen, vedkjenninga (3, 4). Dette kunne alle jødar svare rett på. Det er rett å elske nesten sin, det er rett å elske seg sjølv. Den lovkunnige kunne spurt: Kven er då min Gud? (fyrste del av svaret) men han polemiserer med: Kven er då min neste? Så kjem parabelen som endar med: Kven av desse tre tykkjer du bar seg åt som ein neste mot han som fall i hendene på røvarane. Svaret på dette spørsmålet går straks attende til: «Kven er då min neste? Den som synte miskunn mot han.» Eg forstår Jesus slik: Du er i den ytterste naud og treng møte ein neste som du kan elske som deg sjølv. Den nesten som du møter er heilt uventa. Han står for deg som urein, ukorrekt, men han er det som kjem, den totalt uventa.

Dei som du kunne venta hjelp av, går forbi deg i den naud du er. Det endelege svaret vert: Du som spør om kva du skal gjere, du ligg sjølv hjelpelaus i vegkanten. Du treng redning. Det kjem ein redningsmann forbi, han vågar livet sitt i røvarlandskap, han deler alle sine ressursar med deg og betalar for framtida di.

Slik er fortellinga (2):

Det var ein mann som for frå Jerusalem ned til Jeriko. Han fall i hendene på røvarar. Dei reiv av han kleda og skamslo han, så gjekk dei sin veg og let han liggja att halvdød. Nå høvde det så at ein prest kom same vegen. Han såg mannen, men gjekk framom. Det same gjorde ein levitt; han kom dit, såg mannen og gjekk framom.

*Var dei på veg til tempelteneste? Då ville dei unngå å ta i eit lik. Kan det vera at denne nauda var av eit slikt slag at dei to (dåtida sitt helse- og sosialvesen) ingenting kunne gjera?*

Ein samaritan som var ute og ferdast, kom oåg den vegen. Og då han fekk sjå mannen, tykte han hjarteleg synd i han. Han gjekk bort til han, helte olje og vin på såra hans og batt om dei,

*Han gjekk utan vern inn i den sårbare posisjon: knelande, luta seg over den såra, merksam ikkje mot moglege røvarar, men mot den lidande.*

. . . lyfte han så opp på eselet sitt og førde han til eit herberge og stelte vel om han. Morgonen etter tok han fram to denarar, gav dei til verten og sa: «Syt vel for mannen, og må du leggja ut meir, skal du få det når eg kjem attende.»

*Mitt liv som kristen er å vere rekonvalesent i lag med andre rekonvalesentar. Eg kan fortelje om mitt møte og få svaret, «Møtte du han oåg?» «Korleis stelte han med deg?»*

For ein del år sidan vart prinsippet KOPF postulert. Allmennmedisinen skulle vere kontinuerlig, omfattande, personleg og forpliktande i si omsorg for pasienten. I glede over medisinske framsteg, med visse om god økonomi, postulerte dei førande ideologar høge kollektive ideal. Så høge lovnader er det elles berre Gud som brukar om si omsorg for sine. Når mennesket gir seg sjølv guddommeleg evne, vil nemesis verte resultatet. I strevet med å kalle himmelen ned på jorda, dreg ein helvete med seg oåg. Mange legar har kjent byrdene av desse sjølvpålagde forventingar og sidan pasientane sine krav og deira vonbrot. Døme på at medisinen har overteke dei forventingar folk før hadde til Kristus er legio: Mellomalderen sin kollektive innsats for katedralbygging er erstatta av offentlege og private donasjonar til sentralsjukehus med høgtekniske innretningar.

Skal ikkje fortellinga mane til etterleving? Jesus seier i samtale med læresveinane: «Og det er bodet mitt: De skal elska kvarandre som eg har elska dykk» (5). Meisteren sjølv manar oss til etterleving. Vi skal som han vende oss mot nesten, som vi møter på vår veg.

Johannes døyparen og Jesus kjem med ein del døme på kva som er forventa av oss: Kunne tole urett, ikkje ta att, snu det andre kinn til, gi eit glas vatn, gi bort kapp si, gå den andre mil. Ein skal til og med vere raus under fiendetvang og fylgje soldaten lenger enn forlanga. Meisteren er likevel suveren. Eg møter stadig meg sjølv i døra som tilkorkomen, som sviktande. Men eg er under nødvendig pleie, eg vert teken vare på. Samaritanen kjem att, han har gitt dei garantiar som trengst.

Forteljinga om samaritanen vert strekt kraftig når den blir brukt som døme på vårt ansvar i høve til nesten, at vi skulle ha totalansvar. Du skriv: «Vårt ansvar er uten avgrensing i tid eller rom: kan ikke overlates til noen andre.» Dette imperativ perverterer oss! Den som prøver å leve opp til slike krav vil verte

svært vonbroten over seg sjølv, han vil føre til vonbrot hjå medmenneske. Du understrekar at nesten ikkje kan utpeikast, han møter meg i ein tvingande situasjon. Oppleving av nesten si naud slår inn i meg. Eg har valet mellom å bry meg eller ikkje å bry meg. Då svik eg magekjensla og må leve vidare med tanken på konsekvensen av det ugjorde og medvit om eige svik. Eg er overtydd om at Levinas har rett når han seier «apreàs vous», etter deg. Den som klarer å setje nesten føre seg sjølv vil ikkje verte duknakka, han vert oppbygd. Han opplever seg sjølv i samsvar med sin etiske standard og endar hjå Kant: Handlinga kunne gjerast til ein regel.

Du skriv: «Strider det ikke også mot det jødiske fremmedkjærlighetsbudet at parabelen ikke skulle gjelde mellommenneskelig? Da Moses formet hvem som er vår neste, var det vel nettopp som ideal til etterfølgelse?»

Svar: Her står eg nå: Eg trur at dette er ein av dei kraftigaste parablane å imitere. Kristus oppmodar til imitasjon, evangelistar skriv: Lat det sinnelag vere i Dykk som var i Kristus. Sinnelagsdelen av parabelen er til imitasjon, samaritanen vågar alt, gjev av sitt. Likevel er eg redd for å bruke denne parabelen som døme å fylgje etter. Sjå berre på posisjonane:

*Den hjelpetrengjande* . I parabelen er den forkomne heilt passiv, det vert ikkje forventa eigeninnsats. I mellommenneskeleg samanheng vil slik passivitet føre til tapt sjølvtilit og auka hjelpeløyse. Å motta hjelp når det trengst er godt, men det er ikkje godt å kome i djup gjeld til andre.

*Hjelparen* . Samaritanen er omnipotent. Han har all innsikt, oversikt, alle midler i nåtid og framtid. Han er ein helt. Hjelparen som trur at han skal eller kan hjelpe medmennesket totalt, skaper gjerne ovundring og sidan skuffing. Dersom hjelparen torer å framstå som eit menneske som prøver, men kan feile, trur eg det er ein veg ut or klemma.

Samaritanidealet fører oss inn i ei totalitær hjelperrolle. Eg har sett hjelparar som har overteke den hjelpetrengjande og teke frå han evna til å ordne opp i eige liv.

*Samaritanen* . Kristus kunne overta og hjelpe den hjelpelause totalt. Eg trur at det berre er Kristus som er i stand til å hjelpe meg i totalhjelpeløysa utan at eg misser noko av meg sjølv, men finn meg sjølv att.

Kjære Aslak Bråtveit

*Jeg fant at jeg vil feste på papiret vår siste omgang med Samaritanen: Når den barmhjertige samaritan blir oppfattet/utlagt som Kristus, fungerer lignelsen dogmatisk fordi den sammenfatter en lære, en allegori, et eksempel til etterfølgelse. Dette minner om dogmatismen i platonismen, ide...læren som viser idealene som skal virkeliggjøres, settes ut i verden (6).*

*Den andre tolkingen av samaritanen som jeg kom med, går på måten hvorledes den barmhjertige samaritan virker. Den sier; slik ser du hvorledes den annen blir medmenneske for oss, du kjenner det ved å bli rammet i dine innvoller. Når du tar frem ligningen fungerer den ikke som spill/bilde, men som støt, bevegelse, handlingsord.*

*Denne siste motsier heller ikke at den barmhjertige samaritan kan sees som Kristus, men da ikke som Kristusbilde, men som en påminnelse om etterfølgelse. Du ser ikke Kristus, men Kristus gjør mulig å likne Ham.*

*På denne måten får den siste tolkingen et større vingefang, den viser ikke hva Kristus likner, men hva det vil si å likne Ham.*

*Jeg synes du må tenke gjennom disse skillelinjer som kommer best frem hos Henri Bergson i bildet og bevegelsen (7). På den ene side det statiske, på den annen side det dynamiske, skien som renner gjennom snøen, skisporet som står igjen, stivt, skulpturen som er massiv for ekspeditøren som skal pakke den inn, bevegelig for den som betrakter den osv.*

*Nå må jeg passe meg for å opptre dogmatisk, det vil si, slå fast at slik og slik skal det forstås.*

*Vennlig hilsen Asbjørn Aarnes*

---

## LITTERATUR

1. Aarnes A. Underveis mot den annen: essays av og om Levinas. Oslo: Vidarforlaget, 1998.
2. Bibelen. Luk 10: 25 – 37.
3. Bibelen. 5. Mos 6: 5.
4. Bibelen. 3. Mos 19: 18.
5. Bibelen Joh 15: 12.
6. Aarnes A. Platon på norsk – en seier for norsk kultur. Aftenposten 28.2.1998.
7. Bergson H. Den filosofiske intuisjon: to essays. Oslo: Gyldendal, 1989.

---

Publisert: 20. april 2000. Tidsskr Nor Legeforen.

Opphavsrett: © Tidsskriftet 2026 Lastet ned fra tidsskriftet.no 24. juni 2026.